



Retningslinjer for tilskot til skogbrukstiltak i Hjelmeland kommune 2016

Tilskotsordningane er korrigert og gjeld for heile 2016. Ordningane opphøyre når tilskotsmidlane er oppbrukt. Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket av 04.02.2004 er styrande for ordningane i tillegg til strategi og retningslinjer vedtatt av Hjelmeland kommunestyre 24.02.16

SKOGKULTUR

Tilskot vert gitt fortløpande.

	Tilskot pr daa
Planting – treslagskifte lauv/furu til gran	60 % tilskot av førehandsgodkjent kostnad 80 % dersom ein kan dokumentere omsyn til miljø utover det som er pålagt i forskrift/skoglov
Planting – replanting kulturskog, gran før/etter	20 % tilskot av førehandsgodkjent kostnad
Suppleringsplanting	70 % tilskot av førehandsgodkjent kostnad
Ungskogpleie (kulturskog og kvalitetslauv)	80 % tilskot av førehandsgodkjent kostnad, maksimalt kr 400 pr da
Stammekvisting	550 kr
Markbereding	350 kr
Førstegongstynning i furuskog	300 kr
Miljøtiltak knytt til friluftsliv mm jf forskrift § 6	inntil 50 % av godkjent kostnad

Vilkår

1. Rettleiande kostnadsgrenser og maksimalsatsar for skogkulturkostnader utarbeida av Fylkesmannen skal leggjast til grunn for utmåling av støtte.
2. Det skal berre brukast godkjente treslag og proveniensar i tråd med Skogfrøverket sine anbefalingar for kommunen i høve område og høgdelag.

I tillegg kan skogavgifta nyttast med 85% skattefordel til desse tiltaka.

DRIFT I BRATT TERRENG – REVIDERT 18.03.16 AV FYLKESMANNEN I ROGALAND. GJELD FRÅ 01.04.2016.

Tilskot vert gitt fortløpande.

Det vert gitt tilskot til taubanedrifter i vanskeleg terreng. Vilkår og retningslinjer følgjer skjema om søknad til tilskot. **Drifta skal førehandsgodkjennast.**

Det er krav til alder for å få tilskot: Til hogst av gran vert det ikkje gitt tilskot dersom totalalderen er lågare enn det som går fram av tabellen:

Bonitet	Lågaste totalalder
G23 og betre	65 år
G20	75 år
G17	85 år
G14	90 år



Lunneavstand	<u>Furu</u> Tilskot pr m ³	<u>lauv</u> Tilskot pr m ³	<u>Gran</u> Tilskot pr m ³
Under 150 m	90 kr	100 kr	45 kr
Over 150 m	180 kr	200 kr	90 kr

For bruk av lekter påmontert taubane, eller bruk av lekter i kombinasjon med spesialutstyr (Highlander): flate satsar på: **90 kr/fm³ for gran, 180 kr/fm³ for furu og 200 kr/fm³ lauv**
Her finst og ordningar for drift med hest og driftstilskot for lang terrengtransport av lauv og furu.

SKOGSVEGAR 30-60 %

Tilskot til traktorvegar -30 – 45 %, bilvegar 30 – 60 %. Berre unntaksvis kan det til bilvegar ytast maksimalt 70 % tilskot. Anlegg i tråd med hovudplan skogsvegar skal premierast med ein noko høgare sats.

Prioriteringar – vegen skal gi ei heilheltsløysing om gir grunnlag for utnytting av skog- og utmarksressursane:

- Vegar bygde som sams tiltak etter Jordskifteloven skal ha prioritet framfor enkeltanlegg.
- Større fellesanlegg med mykje hogstmoden skog og store produktive skogareal
- Vegar som medverkar til aktiv utnytting av furu og lauvskog for å sikre god råstofftilgang til lokale sagbruk og bioenergianlegg.
- Bilvegar
- Ombygging
- Anlegg i tråd med hovudplan for skogsvegar
- Veganlegg som endar i offentleg veg med minstestandard som skogsbilveg klasse 4.

Det vert berre gitt tilskot til vegar i vegklasse 7 (tyngre traktorveg) eller høgare standard. Det kan vera aktuelt med tilskot for opprusting av eldre anlegg til høgare vegklasse. Normalt vert det ikkje gitt tilskot til skogsvegar der anleggskostnaden er under kr 30.000,-. Det er krav at vegen er godkjent etter gjeldande forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbrukformål, eller etter plan- og bygningsloven. Det skal takast omsyn til naturmiljø, friluftsliv og kulturminne ved bygging av vegen. Veglinja skal vere stukken i marka og godkjent av kommunen. Ved større fellesanlegg skal det vere veglag med eit ansvarleg styre.

Før anleggsarbeidet settes i gang skal det foreligge en byggeplan som kommunen har godkjent. Det er et krav at veien blir vedlikeholdt til den standard som den opprinnelig ble bygd.

Stortinget har for 2016 sett av midlar til to tilskotsordningar; tilskot til gjødsling og tilskot til tettare planting som klimatilskot.

* **Tilskot til tettare planting** – tettare planting gjer større moglegheit for å velje dei beste framtidstrea, dette gir auka skogproduksjon og betre tømmerkvalitet. Karbonopptaket blir og større. Ordninga gjeld ved foryngelse av eksisterande skogareal. Det gis 80 % tilskot til skogeigar for inntil 50 planter/da som blir planta utover fastsett minimumstal pr da. Minimumstalet er avhengig av bonitet.

* **Tilskot til gjødsling** – gjødsling fører til auka tilvekst og dermed auka CO²-fangst. Det kan gjødslast på eigna areal på vegetasjonstypene blokkebærskog, bærlyngskog, blåbærskog, småbregneskog, storbregneskog og på torvmark med etablert foryngelse. Gjødsling kan utførast i produksjonsskog med mindre enn 20 % lauv på furudominerte areal med bonitet F8 – F17, og grandominerte areal på bonitet G8-G20. Hogstklasse 4 vert prioritert.

Søknadsfrist 1. august for utført arbeid i 2. kvartal og 15. oktober for arbeid utført i 3. kvartal.

Søknad om midlar og spørsmål om ordningane kan rettast til ansvarleg for landbruk og miljø i Forsand kommune; Svein Kjetil Rønnevik, telefon 404 32 999, (kvar torsdag), alternativt til Anne Kari Skogerbø, telefon 40439126. Tilskot vert utbetalt etter skriftleg søknad frå tilskotsmottakar og etter godkjenning av kommunen i samsvar med forskrift.